

## Rutiner for overgang mellom barnehage og skule i Tokke kommune

---

Barnehage og skule skal leggje til rette for at barn og foreldre skal oppleve samanheng mellom barnehage og skule. Det skal finnast hensiktsmessige løysingar for barn som skal til alle skulane i kommunen.

Foreldre skal samtykke til informasjonsutvikling, dei har innsyn og innflytelse på dette. Det skal vere fokus på kva barnet kan og meistrar, samt ulike behov for særskilt tilpassing.

Månad	Aktivitet	Ansvar	Samarbeidspartnar
<b>September</b>	Møte /samarbeid mellom barnehage og skule vedrørende barn med spesielle behov. ( ved behov for store tilretteleggingar )	Styrar	Rektor / spes.ped - koordinator. Avklare med foreldre
<b>Oktober</b>	Besøk hjå 1.klasse for å oppleve skule	Kontaktlærer i 1.klasse	Pedagogisk leiar i den aktuelle avdelinga.
<b>Oktober</b>	Event. besøk av 1.klasse i bhg. for å treffe gamle vener.	Pedagogisk leiar	Kontaktlærer i 1. klasse.
<b>Oktober / November</b>	Foreldremøte i barnehagen	Styrar og pedagogisk leiar	
<b>November</b>	Bli kjent - aktivitet med fadderklasse. For seinare å kunne fordele fadder positivt.	Kontaktlærer som har fadrane året før dei blir fadrar.	Pedagogisk leiar i den aktuelle avdelinga.
<b>Januar</b>	Resursmøte barnehage og skule ( trong for spes.ped. undervisning)	Styrar	Rektor, spes.ped. koordinator og pedagogisk leiar. (skriftleg samtykke frå foreldre )
<b>Jan / feb.</b>	Overgangssamtalar om barn med oppdatert sakkunnig vurdering.	Styrar og ped.leiar	Rektor, spes.ped. koordinator og event. foreldre ( Event. ansvarsgruppe / PPT )
<b>Februar</b>	Besøk hjå 1.klasse for å oppleve skule.	Kontaktlærer i 1.klasse	Pedagogisk leiar i de aktuelle avdelinga
<b>Februar/mars</b>	Innskriving av barn i skulen	Rektor	Annonsering i media og i barnehagane

## Rutiner for overgang mellom barnehage og skule i Tokke kommune

Månad	Aktivitet	Ansvar	Samarbeidspartnar
<b>Mars</b>	Foreldresamtalar rundt : Avklaring av kva bhg. kan gje skulen av informasjon - rundt kvart enkeltbarn.	Pedagogisk leiar	Foreldre må samtykke skriftleg
<b>Mars</b>	Fadder besøke bhg. Samarbeid mellom barnehage og skule med tanke på fastsetting av faddrar.	Kontaktlærer i fadderklasse	Pedagogisk leiar
<b>Mars</b>	Besøke anna aktuell skule.	Pedagogisk leiar og kontaktlærer på andre skular.	Styrrar og rektor
<b>April</b>	Barna besøker fadder og sfo .	Kontaktlærer	Pedagogisk leiar
<b>April/Mai</b>	Overgangsamtale med barnehage og skule. Kontaktlærer bør vere klar	Styrrar og rektor	Pedagogisk leiar og kontaktlærer for kommande 1.klasse
<b>April/Mai</b>	Event. 3kant samtale/ foreldresamtale. Kontaktlærer bør vere klar	Styrrar og rektor	Pedagogisk leiar og kontaktlærer for kommande 1.klasse, saman med foreldre
<b>Mai</b>	Event. besøk av 1.klasse i bhg. for å treffe gamle vener.	Pedagogisk leiar i den aktuelle avdelinga	Kontaktlærer i 1.klasse
<b>Mai</b>	Foreldremøte ved skulen. Tema : 6 åringar. Erfaringar i frå barnehagen. Info om skule og SFO Val av klassekontakt	Rektor og kontaktlærer	Pedagogisk leiar, styrrar og SFO leiar. Klassekontaktar oppfordras til å stelle i stand sosial samling før skulestart.
<b>Mai /Juni</b>	Min. 2 førskuledagar på skulen. Også oppleve SFO.	Rektor	Kontaktlærer og barnehagen
<b>September</b>	Evalueringsmøte av gjennomført overgang	Rektor og styrrar	Styrrarar og barneskulerektorar i kommunen

# Rutiner for overgang mellom barnehage og skule i Tokke kommune

---

## FORELDRESKJEMA VEDR OVERGANG FRÅ BARNEHAGE OG SKULE I TOKKE KOMMUNE.

I samband med skulestart har ofte barnehagen informasjon som skulen kan ha stor nytte av. Sfo kan og ha nytte av noko informasjon.

Rammeplan for barnehage er styrande for arbeidet i barnehagen.

I kapittel 5.1 om samarbeid med grunnskulen står det fyljande:

”Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen frå barnehage til skule skal vere nedfelte i årsplanen til barnehagen”. Vidare står det at ”barnehagen og skulen har eit felles ansvar.. ” og at ”Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen”.

Det står at ” samarbeidet må både fokusere på kva barnet kan og meistrar, og på kva dei kan trenge særskild støtte til”.

Dersom barnehagen skal gi skulen informasjon om enkeltbarn, skal foreldra samtykke i det. Oppfordre til trekantsamtalar mellom foreldre, skule og barnehage.

I den samanheng er det bl.a. fyljande områder det er aktuelt å sei noko om til skulen:

- Registreringar som er gjort i TRAS (Tidleg Registrering Av Språkutvikling ) Dette omfattar samspel, kommunikasjon, merksemd og språk.
- Kartlegging ”Alle med”. Skjema som bl.a. omfattar leik, trivsel, motorikk og kvardagsaktivitetar
- Kva meistrar barnet godt ? Kva er det positivt at det får støtte på og kva utfordringar treng det ?
- Korleis reagerar barnet på å få oppgåver og det å bli stilt krav til?
- Samarbeider barnet spesielt godt med nokon av dei andre skulestartarane? Er det nokon som lett blir distraherert av kvarandre?
- Er et noko spesielt foreldre ynskjer at skulen skal vete?

---

Eg / vi samtykker i at barnehagen kan gi skule informasjon om punkta over.

Dalen...../.....20...

Dalen...../....20....

.....  
Foreldre/ føresette

.....  
ped.leiar

# Rutiner for overgang mellom barnehage og skule i Tokke kommune

---

Dette skjema tilpassas den enkelte barnehage til dømes p.g.a. ulike observasjons- og kartleggingsskjema

## **Internt huskeliste for tilsette i barnehage og skule vedgåande overgang barnehage og skule.**

- Kva forventast av barn ved skulestart ? (foreldre få dette ved foreldremøte)

Kan vere lurt å gjere foreldre merksam på at erfaring med hobby- og oppgåvebøker gir godt grunnlag. Det er mykje læring i fargar, tall, spel og teikningar. Dette blir mykje brukt i skulen. Foreldre oppfordrast til å lese med barna. Gode erfaringar rundt dette ved lese og skrive-opplæringa.

- Foreldre oppfordrast til å fylje barna på førskuledagane. Likevel legg barnehagen dagane inn i sin plan da det av erfaring ikkje er alle foreldre som har anledning til å fylje.
- Barnas faderar skal vere bestemt så tidleg som mogeleg slik at barn og foreldre får vite dette før førskuledagane.
- Korleis fordelast faderar?  
Unngå å koble negative faktorar ( koble riktig personlegdom )  
Bustad – dersom det er behov for fylje på skulevegen.

Viktig at skulen lyttar til og er open for barnehagen si erfaring rundt kva som er viktig for kvar enkelt nye førsteklasing.

- Skulen opplyser barnehagen om kven som er lærar for neste års faderar.
- Skulen opplyser barnehagen snarast råd om kven som blir kontaktlærar for 1.klassen.
- Skulen kan ta kontakt med barnehagen etter skulestart dersom det er behov for meir informasjon vedrørande enkeltbarn. Skulen er da ansvarleg for å innhente samtykke frå foreldra.
- Eksempel på kva skulen ynskjer at barnehagen informerar om:

Kva utmerkar seg ved barnet?

Reaksjonsmåtar

Konsentrasjon

Gråsonbarn

Bekymringsfase

Observasjonsskjema som TRAS eller Alle Med brukast som grunnlag til munnleg informasjon frå barnehagen til skule.

- Anna som skulen meiner det er positivt at barnehagen har gjort:

Lære barn at dei ikkje kan gjere val kvar gong / ikkje mogeleg å velje vekk oppgåver og liknande.

Øve på å fullføre det dei har starta på.

- Barnehage og skule fyljer opp rutinar for overgang slik at overgangen blir positivt.

Skulane skal samordne:

Dato for innskriving.

Korleis innskrivinga skjer

Dato for utsending av SFO- søknadsskjema

Tidspunkt for foreldremøte og førskuledagar

Type informasjon på foreldremøte

Klassetrinn for faderar

Skulen har ansvar for å invitere og informere barn og foreldre som ikkje går i barnehagen.